



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
28.04.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2003/5746 731.2  
Dykkar referanse

Nordhordland legevakt  
Kvassnesvegen 48 A  
5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
<b>KOPI</b>	
03. 05. 2017	
Ansvarlig 14/3294	Følgende
Saksh.	Følgende

### Tildeling av midlar 2017 - rettleiingsordning for turnuslegar - statsbudsjettet kapittel 783 post 21

Vi takkar for godt samarbeid om rettleiingsordninga for turnuslegar. Nordhordland legevakt har på vegne av Fylkesmannen i Hordaland hatt ansvaret for organisering og gjennomføring av ordninga i Hordaland også i 2016.

De har sendt over rekneskap og rapport frå 2016. Fylkesmannen har ingen merknader til desse.

#### Tildeling av midlar 2017

Budsjettet for rettleiingsordning i 2017 er på kr. 380 000,-.

Alle tiltak som gjeld turnusteneste, er finansierte med midlar som kvart embete får tildelt som belastningsfullmakt. Midlane vi har fått til disposisjon i 2017 er ikkje nok til å finansiere alle oppdrag som gjeld turnustenesta. Vi vil søkje om tilleggsfullmakt, men veit av erfaring at det kan ta tid før vi får svar.

I denne omgangen kan vi diverre ikkje tildele midlar i samsvar med budsjett 2017 for gruppebasert rettleiing av turnuslegar i kommunehelsetenesta.

Til gruppebasert rettleiing av turnuslegar overfører vi no kr. 292 500,00 til Nordhordland legevakt. Midlane blir overført til kontonummer 6529 05 06926, prosjekt H – 321.

Når vi får svar på søknaden om tilleggsfullmakt, vil i den grad tilleggsfullmakta gir høve til det, overføre midlar i samsvar budsjett 2016 for rettleiingsordninga.

Rekneskap og rapport om bruken av midlane for 2017 må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan utgangen av februar 2018.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ  
Helsedirektoratet Postboks 7000 St. Olavs plass 0130 OSLO